

---

Saksnr: 2021/16089-2  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa - Forslag til prosjektplan****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. I tillegg ber kontrollutvalet om at opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien inngår i revisjonen med det timeforbruket som inngår i prosjektplanen.
5. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka ar at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagt forslag til prosjektplan frå Deloitte, på kva forvaltningsrevisjonen innan kvalitet i opplæringa bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Prosjektplan forvaltningsrevisjon - Vestland fylkeskommune - Kvalitet i opplæringa

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet handsama sak PS 20/21 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 22.03.2021 og dette vart protokollert:

#### *«Handsaming i møte*

*Det vart semje om å bestille to forvaltningsrevisjonar no. Det vart gjennomført avrøysting som resulterte i samrøystes vedtak om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av «Kvalitet i opplæringa».*

*Når det gjeld avrøysting mellom «Satsing på digitalisering» og «Fylkesvegforvaltninga» fekk dei høvesvis 3 og 4 stemmer, og «Fylkesvegforvaltninga» vart vald.*

*På bakgrunn av dette kom kontrollutvalet med problemstillingar/moment til kvart av dei to valde områda:*

#### *Kvalitet i opplæringa*

- Har dei sårbare gruppene fått tilstrekkeleg opplæring som konsekvens av pandemien*
- Fråfall*
- Er det vikarar tilgjengeleg*
- Har ein tilgang til rett kompetanse blant lærarane*
- Grunna pandemien ta med spesialundervisning som ein opsjon?*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

- 1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Kvalitet i opplæringa» og .....*
- 2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
- 3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 19.04.2021.*
- 4. Prosjektplanane skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.»*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er fylkestinget som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

### Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

*«Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet vil vere å undersøkje korleis lærarane sin kompetanse og tilgang på vikarar i dei vidaregåande skulane påverkar kvaliteten i opplæringa, og kva system fylkeskommunen og skulane har for å sikre rett kompetanse og tilstrekkeleg tilgang på vikarar.*

*Vidare er det eit føremål å undersøkje korleis ein har arbeidd for å identifisere og følgje opp særleg sårbare elevar i samband med covid-19-pandemien, for å sikre at desse elevane får ei tilfredsstillande oppfølging og at dei får den opplæringa dei har rett på.*

*Dersom kontrollutvalet vel å inkludere opsjonen som går fram under i prosjektet, vil det også vere eit føremål å undersøkje korleis elevar med vedtak om spesialundervisning har blitt følgd opp under pandemien, og i kva grad dei har fått den opplæringa dei har vedtak om.*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad har Vestland fylkeskommune sikra at sårbare elevar har fått tilstrekkeleg oppfølging og opplæring under covid-19-pandemien?*
  - a) *Har dei vidaregåande skulane utarbeidd risikoanalysar for å kartlegge kva elevar som blir rekna som sårbare under pandemien?*
  - b) *Har det blitt etablert klåre rutinar og ansvarsforhold knytt til oppfølging av sårbare elevar under pandemien, for å sikre at elevane får den opplæringa dei har rett på?*
  - c) *I kva grad har det vore ei felles tilnærming på tvers av dei vidaregåande skulane for korleis kartleggje og følgje opp sårbare elevar?*
  - d) *I kva grad har det blitt vurdert å vere risiko for auka fråfall blant sårbare elevgrupper under pandemien, og i kva grad har ev. målretta tiltak blitt sett i verk?*
  
2. *I kva grad har dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune tilgang til tilstrekkeleg kompetanse?*
  - a) *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet til dei vidaregåande skulane i fylket og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?*
  - b) *I kva grad er det variasjonar mellom dei vidaregåande skulane når det gjeld tilgang til kompetanse?*
  - c) *I kva grad har ein klart å gjennomføre eventuelle kompetansehevingstiltak under pandemien?*
  - d) *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg oversikt over kompetansen til lærarane i fylket?*
  
3. *I kva grad har dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune tilgang på kvalifiserte vikarar innanfor vidaregåande opplæring?*
  - a) *I kva grad blir det henta inn vikarar i samband med fråvær hjå undervisningspersonalet på dei vidaregåande skulane i fylket?*
  - b) *I kva grad klarar ein å sikre at vikarane i vidaregåande opplæring er tilstrekkeleg kvalifiserte?*
  - c) *I kva grad har skulane «lærarause timar» ved fråvær blant lærarane, fordi det ikkje blir henta inn vikar?*
  - d) *I kva grad varierer vikartilgangen og omfang av lærarause timer mellom skulane?*
  - e) *I kva grad meiner ulike aktørar (i fylkesadministrasjonen, skuleleiinga, lærarar, elevrepresentantar) at kvaliteten på opplæringa blir påverka av tilgangen på vikarar?*
  - f) *I kva grad har tilgangen på vikarar og omfanget av lærarause timar blitt påverka av covid-19-pandemien?*

#### **Deloitte har definert slik opsjon om ei ytterlegare problemstilling**

I avsnittet under presenterer vi ytterlegare hovudproblemstilling med underproblemstillingar som det også er mogleg å undersøkje dersom kontrollutvalet ønskjer det. Sjå vedlegg til prosjektplanen for informasjon om estimert ressursbruk i prosjektet basert på om prosjektet omfattar «grunnstammen» som er presentert over, eller om prosjektet også omfattar opsjonen.

4. *I kva grad har elevar med vedtak om spesialundervisning under covid-19-pandemien fått den opplæringa dei skal ha ifølgje vedtak om spesialundervisning?*
  - a) *I kva grad er det etablert system for å sikre at elevane sine rettar som følgjer av enkeltvedtak blir ivareteke også under pandemien?*
  - b) *Korleis har høvesvis periodar med skulenedstenging, gult nivå og raudt nivå påverka elevane sitt tilbod om spesialundervisning?*
  - c) *I kva grad har det blitt gjort endringar i høvesvis omfanget av spesialundervisninga eller innhaldet i spesialundervisninga?*
  - d) *I kva grad har ev. endringar i opplæringstilbodet som følgjer av covid-19-pandemien fått følgjer for elevane sitt læringsutbyte og måloppnåing?*
  - e) *I kva grad er det variasjon i korleis dei ulike skulane har klart å ivareta elevar med spesialundervisning under pandemien?*

**Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet**

*«Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunale vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune. Eventuelle friskular eller opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringslova § 4A er såleis ikkje omfatta av prosjektet. Vidare er prosjektet avgrensa til å handle om elevar på vidaregåande skular og omfattar ikkje vidaregåande opplæring i bedrift.»*

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 20 - 25 intervju m.a. med fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, utvalde områdeleiarar, seksjonsleiar for seksjon for kvalitet i opplæringa i Vestland fylkeskommune, rektorar og avdelingsleiarar på utvalde skular samt representantar for tilsette og elevar på utvalde skular.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

På bakgrunn av at det har vore mykje fokus på at sårbare grupper blant ungdom truleg kjem dårlegare ut av pandemien enn andre, bør kontrollutvalet også ta med opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien i revisjonen med inntil det timetal som ligg i prosjektplanen.

**Konklusjon**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Det vert også tilrådd at kontrollutvalet tar med opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien i revisjonen med eit timeforbruk på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.

Vidare bør det akseptierast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.